



Frank Rune Nesse
Festevegen 273
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7596 - 20/18619

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
08.04.2020

Løyve til utslepp - fritidsbustad gbnr 59/12 Bergfjord og 3 framtidige utleigehytter gbnr. 59/2 Bergfjord

Administrativt vedtak: **Saksnr: 398/20**

Byggjestad: Gbnr: 59/12
Tiltakshavar: Frank Rune Nesse
Ansvarleg søkjar: Frank Rune Nesse
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for ein fritidsbustad på gbnr 59/12 Bergfjord og 3 framtidige utleigehytter på eigedom gbnr. 59/2 Bergfjord på følgjande vilkår:

- 1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent slamavskiljar. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til sjø og koplast til djupvassleidningen frå servicebygget.**
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 10 pe.**
- 3. Slamavskiljaren må plasserast slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).**
- 4. Utlegging av leidning i sjø skal godkjennast av Bergen og Omland Havn AS før arbeida tek til.**
- 5. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**
- 6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

7. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
8. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, og koordinatar for plassering av anlegget.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for ein fritidsbustad på gbnr. 59/12 Bergfjord og for 3 framtidige utleigehytter på eigeedom gbnr. 59/2 Bergfjord.

I søknaden er det opplyst/vist at utsleppet frå eigeodomane skal reinsast i 7m³ slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i utsleppsleidning som går 15 meter ut i sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 10 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 25.03.2020.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Bergfjord campingplass/planid.: 1263-22062000 er definert som «spesialområde for eksisterande private hyttetomter som inngår i planen».

Reguleringsplanen har følgjande føresegn:

§4

UTLEIGEHYTTER. Utleigehyttene skal være maks. BTA 65 m². Saltak.

Det kan installeres W.C. og bad. Avløpet skal føres via slamavskiller og inn på dypvannsleidningen fra servicebygget.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2/§ 13-4 nr. 2. Heimelshavar til eigeedom gbnr. 59/12 er også eigar av kringliggjande eigeedomar. Kommunen legg til grunn at det av dette ikkje er naudsynt med vidare nabovarsling.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart vedlagt søknaden.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigeodomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø og vidare kopla inn på djupvassleidningen frå servicebygget. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eigedommen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Kap.12

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eigedom fram til utsleppsstad.

Tilkopling til eksisterande leidning

Det er gitt utsleppsløyve for eksisterande utsleppsleidning i vedtak datert 15.04.04, delegert sak 114/04.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 25.03.2020 med unnatak av at kartet viser at utsleppsleidning er avslutta 15 meter ut i sjø.

Reguleringsplanen set krav om at avlaupsleidning frå utleigehytter skal koplast inn på djupvassleidningen frå servicebygget.

Anlegget som no vert etablert er planlagt og dimensjonert for å kunne ta i mot avløp frå 3 utleigehytter på eigedom 59/3 og det er kommunens vurdering av reguleringsplanen sin føresegn §4 skal gjelde i denne saka og løyvet vert gjeve på vilkår at ny avlaupsleidning vert kopla til den eksisterande djupvassleidninga.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova Kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova må sendast inn av eit ansvarleg føretak.

Utlegging av leidning i sjø krev godkjenning av Bergen og Omland Havn før arbeida tek til.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forurensningsloven § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd.

Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova Kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.:

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Frank Rune Nesse

Festevegen 273 5912

SEIM